


## *Leikanger Jakt- og Fiskeklag Årsmelding 2007*

*Årsmøte i lagshytta på Kleppa fredag 29. februar 2008 kl. 19:00*



*Emil Røysum Skartun vart Norges beste junior på NM-jegertrap i 2007*

*Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!*



## ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa  
Fredag 29. februar kl.19:00

### SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Revidering av §1 i laget sine vedtekter. (*sjå eige ark*)
8. Info. om aktivitetar i 2008.
9. Innkomne saker.
10. 30 års jubeleumsfeiring.
11. DVD – Jakt på storbjørn i Sibir.

*Enkel servering og sosialt samvær!*

*Nye og gamle medlemmar velkomne!*

*Styret*

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## ÅRSMELDING 2007

**Styret** har i 2007 vore samansett som følgjer:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Per Ove Fossheim
Kasserar:	Håkon Nesse
Sekretær:	Sven Erik Vestby
Kvinnekontakt:	Marianne Vara
Vara:	Per Norstein

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøter

Ved årsskiftet hadde laget 220 medlemmer. Det er ein auke på 42 stk i 2007!

### Møteaktivitet

Det er halde to styremøte der det er handsama til saman 16 saker.

Den kan hende viktigaste saka som har vore handsama, galdt uttale om naudsynte granskingar i samband med søknaden frå Sognekraft om kraftutbygging i Henjadalen og Grindsdalen. Vi registrerte at kommunestyret i si fråsegn la stor vekt på dei forslaga til granskingar som laget sendte til NVE. Dette viser at LjF er ein viktig aktør for natur og friluftsliv i kommunen, ein posisjon vi gjerne vil halde på.

Årsmøtet for Sogn og Fjordane NJFF i 2007, vart halde på Sognefjord hotell. Frå laget møtte Svein Inge Lundheim, Per Ove Fossheim, Marianne Vara og Per Norstein. Møtet vart avslutta med omvisning og lunsj på lagshytta på Kleppa.

Leikanger jfl er representert i Sogn og Fjordane NJFF ved: Jan Thore Fedje - ungdomsleiar, Per Norstein - 2.vara til styret og Svein Inge Lundheim – medlem i jaktskyttarutvalet.

### Generelt

Sett under eitt må vi konstatere at året 2007 har vore eit særst positivt år for Leikanger jakt og fiskelag. Det har vorte gjennomført ei lang rekke tiltak, for medlemmene og for andre. Den nye hytta har vore ein suksess. Det er både triveleg å vere der og vi har fått mange brukarar, og vi vågar å seie at hytta har vorte eit tilbod til bygda og ikkje berre for laget. Økonomisk har det vore eit godt år, noko som er positivt når vi mellom anna ynskjer å utvikle tilboda knytt til anlegget vårt på Kleppa. Laget har også markert seg på andre arenaer i bygda, og vi vonar at bygdefolk set pris på at vi ynskjer å vere eit positivt og inkluderande lag med plass til alle der ikkje minst jakt, fiske og friluftsliv er dei sentrale satsingsområda.

Det må understrekast at det vi fekk til i året som gjekk, skuldast at ein lang rekke personar har vore positive og teke store og mange tak for felles mål. I denne årsmeldinga er berre nokre få av alle dei som har vore med nemnde med namn. Dei som ikkje er nemnde, er ikkje gløynde. Styret vil rette stor takk til alle for den innsatsen som er lagt ned i lagsarbeidet!

## Gåver og tilskot

- Frå Leikanger kommune fekk vi 4000 kr som tilskot frå kulturmidlane.
- Sponsoravtalen vår med Sogn Avis gjev oss gratis annonsering for opptil 15 000 kr eks mva.
- Støtte på 10 000 kr til fiskesommerarrangementet i Fylkesmannsgarden frå NJFF.
- Frå NJFF sentralt fekk vi støtte til barne- og ungdomsarbeid i 2008 på 24 500 kr. Dette er også eit prov på at laget vårt vert vurdert som særskilt aktivt nettopp innanfor barne- og ungdomsarbeid, og gjev sikkert grunnlag for aktivitetane i 2008. Ein blome til alle som bidreg i det arbeidet!
- Marine Harvest har gjeve oss eit tilskot på 10 000 kr til barne- og ungdomsarbeid.
- Sparebanken Sogn og Fjordane gav oss ei gåve på 10 000 kr.

## Inntektsgjevande dugnadsarbeid

- Sognefjord reiseliv har ytt 6000 kr til rydding og merking av 6 stiar, og 10 000 kr til opparbeiding av gangsti over Vålamyra.
- Frå Systrond Sogelag fekk vi oppgåva å produsere og setje opp 30 stadnamnsskilt i områda Stokksete og Bjørgahaug. For dette fekk vi 12 000 kr. Det var Ivar Fagerheim som laga skilta.
- Vaktoppdrag på dansegalla på Knausen 5000 kr
- If forsikring: Reparasjon av gjerde 6000 kr

## Prisar

Like før jul vart Leikanger jakt og fiskelag tildelt Leikangerprisen. Prisen er diplom, 7500 kr og mykje lovord. Dette er ein heider vi set stor pris på å få.

## Kurs og undervisning

Som vanleg er det gjennomført fleire kurs.

- To kurs for å gjere hundar sauereine ved hjelp av elektrisk halsband (7 deltakarar)  
Instruktørar: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen og Odd Reksnes
- Jegerprøven. Eit kurs gjennomført og oppstart av eitt. Til saman 25 deltakarar.  
Instruktørar: Per Norstein og Sverre Fossen. Instruktørar under opplæring: Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse og Inge Yttri.
- Kurs i bruk av GPS. To kurs med til saman 25 deltakarar. Instruktør: Ole Simen Nesdal
- Kurs i partering av storvilt der Helge Fardal var instruktør.
- Opptur – 2 skytekurs for kvinner og tilbreiding/servering av vilt ved Jan Thore Fedje (instruktørane står oppnemdt seinare)

## Andre aktivitetar

Ei lang rekke andre arrangement er også gjennomført. Desse er i stor grad omtalte i tidlegare årsmeldingar, og vert berre lista opp her.

- Skytestemnet "Indre Sogn cup" med Luster jfl: Vinnar med ny rekord på 100 treff vart Arild Johansen, nr2 Olav Aarskaug (97) og nr3 Svein Inge lundheim (94)
- FM-jegertrap: Resultatet frå "Indre Sogn Cup" (50skot) var grunnlaget før finalen (25skot). Gull-Arild Johansen(73), sølv-Olav Aarskaug(72) og bronse-Nils Olav Langeteig(72).
- Haglekurs (aktive hageskyttarar var instruktørar)
- Flugekastingskurs m/Gunnar Olsmo som instruktør
- Vårsprellen – sjøfiskekonkurransen
- Fiskekonkurransen på Fjærlandssete
- Fiskesommararrangement i Fylkesmannsgarden
- Fjellfisketur på Vikafjellet
- Skulestangprosjektet i skuletiden på Flotande. Med frå jakt- og fiskelaget: Jan Magne Vigdal, Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim.
- Skyttarlaget vann lagkonkurransen i "Duellen" og Syrstronds beste skyttar vart Nils Olav Langeteig.
- "Jaktskytingens dag" på Kleppa/Eivaldgjerdet
- Fuglehundtur frå Hodlekve til Leikanger.
- Stenden på "Fruktbare Dagar" har vorte ein fin tradisjon å visa seg fram på. Her vil me takke medlemmane som stiller vilt/fisk til grilling og ei spesielt takk til Nils Rendedal som stilte som grillsjef på kort varsel.

## Tilbod til medlemmene

Det har vore stor aktivitet på leirduebana. I tillegg til den vanlege treninga, har det vore gjennomført nybyrjarkurs og eige samlingar for kvinner. Her vil vi gje ein særskild takk til instruktørane Odd Reksnes, Leif-Arne Lingjerde, Svein Inge Lundheim, Per Norstein, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig og Kurt Langeteig.

Lagsmeisterskapen viste at det også er dyktige hageskyttarar mellom jegerane. I 2007 var det Per Norstein som vann den store pokalen i jegertrap. I leirduestien gjekk førsteplassen til ein som har stått på toppen før, Kurt Langeteig. Det var positivt mange som deltok konkurransane.

Innan konkurranseskytinga vil vi særleg trekke fram innsatsen til ein. Emil Røysum Skartun viste nok ein gong fram at han er eit stort talent då han vart beste junior i NM-jegertrap i 2007.

Den 1. desember vart det arrangert viltkveld på Kleppa. 23 karar hadde ein sær triveleg kveld med god mat laga av Kjetil Berg og mykje drøs om sentrale tema.

Trastadalshytta hadde 20 overnattingar. Det er i 2007 installert ny vedovn som Kommunen kjøpte.

Hytta på Kleppa har vore leigt ut fleire gonger, både til medlemmer og til andre. Den har vist seg tenleg til alt frå konfirmasjonar og klassefestar til samlingar for barnehagar og speidarane.

Styret

## Utvala i 2007

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal  
Medlem: Carlo Aall  
Medlem: Jan Egil Gjølringbø  
Medlem: Per Sivert Nesdal

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun  
Medlem: Per Olav Henjum  
Medlem: Per Norstein  
Medlem: Øyvind Njøs

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Leif-Arne Lingjerde  
Medlem: Odd Reksnes  
Medlem: Emil Røysum Skartun  
Medlem: Svein Inge Lundheim

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Ole Simen Nesdal  
Medlem: Jan Thore Fedje  
Medlem: Sverre Fjøsne  
Medlem: Vidar Jacobsen

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Kurt Langeteig  
Medlem: Bjørn Monsen  
Medlem: Øyvind Husabø  
Medlem: Geir Ove Røysum

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2007

## UTGIFTER

Kontor / Rekvista	5 986,06
Kontingenter	755,00
Kurs/møter	10 581,00
Trastadalshytta	1 573,60
Drift leirduebane	67 853,23
Drift lagshytte	20 966,85
Eigne kurs	11 408,60
Barn/ungdomsarbeid	10 154,59
Fiskekonkurransar	1 969,00
Diverse utgifter	14 517,20
Dugnadsarbeid	4 699,20
Leirduebane nytt anlegg	18 242,20
Renter	11 242,00
Jente/kvinneaktivitet	10 368,16
<b>Sum utgifter</b>	<b>190 316,69</b>

## INNETEKTER

Renteinntekter	569,00
Sponsor/gaver	17 500,00
Kontingent	9 500,00
Eigne kurs	50 880,00
Fiskekonkurransar	4 750,00
Diverse inntekter	20 421,25
Trastadalshytta	1 900,00
Drift Leirduebane	48 718,00
Drift lagshytte	28 890,00
Barn/ungdomsarbeid	49 323,59
Jente/kvinneaktivitet	9 000,00
Dugnadsarbeid	43 000,00
Kurs/møter	450,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>284 901,84</b>
<b>Overskot</b>	<b>94 585,15</b>

## AKTIVA PR 31.12.2007

Sparebanken Sogn og Fjordane	101 360,08
Fiskeutstyr / Fluestenger	10 935,00
Skot, duer, premiar mm	5 308,00
4 stk lavvo med ovner, heller	18 000,00
Lagshytte (teknisk verditakst)	1 700 000,00
Leirduekastar m/ utstyr	51 837,00
Videospelar/overhead/stativ	4 950,00
DVD, projektor, høgtalar, skriver/kopimaskin, bærbar PC	21 470,00
Diverse artiklar for salg	3 785,00
Kasse	1 015,00
3 stk hagler	19 500,00
<b>Sum aktiva</b>	<b>1 938 160,08</b>

## PASSIVA PR 31.12.2007

Lån pr 01.01.2007	161 488,00
Avdrag	-33 184,00
Lån pr 31.12.2007	<b>128 304,00</b>

*Rekneskapen revidert og ferdig  
i arbeid.*

*21.02.08*

*Guerric Fossum  
Inge Gjævi*

# Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2007

Forklaring: A = på val 2008 B = ikkje på val 2008

Styret;

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim	<i>Attval</i>	97570583
A	Kasserar	Håkon Nesse	<i>Attval</i>	97511639
B	Sekretær	Sven Erik Vestby		99252281
B	Varamedl	Per Norstein		48182680
A	Kvinnekontakt	Marianne Vara	<i>Attval</i>	41530961

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>Attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>Attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs		99499167

Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal		95259791
A	Medlem	Carlo Aall	<b>Terje Hove Thorsnes</b>	48170714
B	Medlem	Jan Egil Gjøringbø		47261703
A	Medlem	Per Sivert Nesdal	<i>Attval</i>	95004333

Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde	<b>Svein Inge Lundheim</b>	91176689
A	Medlem	Odd Reksnes	<i>Attval</i>	95758559
A (1år)	Medlem	Svein Inge Lundheim	<b>Nils Olav Langeteig</b>	90605267
B	Medlem	Emil Røysum Skartun		47641028

Ungdomsutval:

B	Leiar	Ole Simen Nesdal		99607677
B	Medlem	Vidar Jacobsen		95259710
A	Medlem	Sverre Fjøsne	<i>Attval</i>	90639848
A	Medlem	Jan Thore Fedje	<b>Kjetil Berg</b>	95758389

Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig		95089899
B	Medlem	Bjørn Monsen		90590848
A	Medlem	Øyvind Husabø	<i>Attval</i>	97155161
A	Medlem	Geir Ove Røysum	<b>Jon Husabø</b>	90839112

Revisor:


A		Sverre Fossen	<i>Attval</i>	95841004
B		Inge Yttri		90593596

Valkomite:

B	Leiar	Emil Røysum Skartun	<b>Marianne Vara</b>	41530961
B	Medlem	Marianne Vara	<b>Kjell Erik Strand</b>	95191905
A	Medlem	Kjell Erik Strand		

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## Medlemsutvikling 1989-2007







# ÅRSMØTE

## Lagshytta på Kleppa

### Fredag 29. februar 2008 kl.19:00

Leiar Svein Inge Lundheim ønske i alt 19 medlemmer velkomne.

Følgjande møtte: Sverre Fjøsne, Leif Frækaland, Kurt Langeteig, Sverre Fossen, Inge Yttri, Nils Olav Langeteig, Ole Simen Nesdal, Bjarne Sjøthun, Marianne Vara, Per Norstein, Svein Inge Lundheim, Per Olav Henjum, Sven Erik Vestby, Jan Magne Vigdal, Øyvind Njøs, Emil Røysum Skartun, Jarle Hove, Leif Bjarne Sæle, Terje Hove Thorsnes.

## REFERAT

### Sak 1 Godkjenning av møteinnkalling.

Møteinnkallinga vart godkjent

### Sak 2 Val av møteleiar og skrivar

Svein Inge Lundheim vart valt som møteleiar og Sven Erik Vestby vart valt som skrivar.

### Sak 3 Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Øyvind Njøs og Jan Magne Vigdal

### Sak 4 Årsmelding.

Per Norstein las opp årsmeldinga. Styret fekk ros for årsmeldinga, både innhald og layout. Årsmeldinga vart godkjent slik som framlagt.

### Sak 5 Rekneskap

Etter spørsmål frå medlemmane vart nokre av postane spesifisert og utdjupa. Det vart peikt på at rekneskapen viser at Ljf er eit aktivt lag, noko som ikkje minst må tilskrivast leiaren sin innsats.

### Sak 6 Val.

Marianne Vara la fram forslag frå valnemnda

#### Styret

Per Ove Fossheim (nestleiar) attvald  
Håkon Nesse (kassear) attvald  
Marianne Vara (kvinnekontakt) attvald

#### Jaktutval

Bjarne Sjøthun (leiar) attvald  
Per Olav Henjum (medlem) attvald

#### Fiskeutval

Terje Hove Thorsnes (medlem) ny  
Per Sivert Nesdal (medlem) attvald

#### Leirduebaneutval

Svein Inge Lundheim (leiar) ny  
Nils Olav Langeteig (medlem) 1 år ny  
Odd Reksnes (medlem) attvald

**Ungdomsutval**

Sverre Fjøsne (medlem) attvald  
Kjetil Berg (medlem) ny

**Revisor**

Sverre Fossen attvald

**Hundeutval**

Øyvind Husabø (medlem) attvald  
Jon Husabø (medlem) ny

**Valnemnd**

Terje Hove Thorsnes ny

**Sak 7 Revisjon av §1 i laget sine vedtekter**

Per Norstein orienterte om bakgrunnen for forslaget om endring

**Gjeldande tekst**

§ 1 Namnet på laget er Leikanger Jakt- og Fiskelag.

Laget har som føremål:

1. Å knyta jegrar, fiskarar og andre interesserte saman til felles arbeid for å auka vilt og fiskebestanden ved positive tiltak på dette omkvervet i samarbeid med Systrond Grunneigarlag

**Ny tekst:**

§ 1 Namnet på laget er Leikanger Jakt- og Fiskelag.

Laget har som føremål:

Å ta vare på medlemmane sine interesser for jakt, fiske og anna friluftsliv. Laget skal arbeida for å sikra ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursar.

**Vedtak:** Endringane vart samrøystes vedteke

**Sak 8 Aktivitetar i 2008.**

Leiar Svein Inge Lundheim orienterte om dei planlagde aktivitetane for 2008. Lista viser at det vert lagt opp til eit aktivt og vidt program. Det er planar om eigne aktivitetar for damene. Dugnadsliste for hytta i 2008 er også sett opp

**Sak 9 Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker

**Sak 10 30 års jubileumsfeiring**

Styret får i oppdrag å fastsetje dato og oppnemne ei festnemnd

**Avslutning**


Per Norstein la fram helsing frå NJFF Sogn og Fjordane med rosande ord om aktiviteten i laget.

**Sosialt samvær**

**Matøkt og DVD – Jakt på storbjørn i Sibir.**

Øyvind Njøs

Jan Magne Vigdal



**Leikanger Jakt- og Fiskelag 1978 - 2008**  
**Historie i utdrag**

## Gamle dagar

I 1942 samla åtte systrendingar seg på advokat Knudsens kontor på Hermansverk. Dei fann nok interesse i bygda til å stifte Syrstrand Sportsfiskarlag. Føremålet med laget var å "ivareta sportsfiskernes interesser i Leikanger herred".

I dei tre åra laget ser ut til å ha fungert i første omgang, var den viktigaste oppgåva å få betra tilhøva for innlandsfiske. Det vart inngått avtale med grunneigarane om tilgjenge til m.a. Fjærlandssetevatn, det vart kjøpt inn ein båt og tilrettelagt for å bygge eit naust med loft for overnatting. Det var kan hende her ideen om rorbuerie vart skapt for første gong?

Kan hende gapa dei for høgt? I alle fall ser det ut som om laget slokna med dette arbeidet. I 1952 vart laget nya opp att. Merksemda er framleis rett mot innlandsfiske, og å få avtale med grunneigarane til å fiske og ikkje minst setje ut fisk i dei fleste vatna, var viktige oppgåver. Alt første året var medlemstalet 47. Desse, eller i det minste nokre av dei, sette dei komande åra ut mange ti-tusen yngel i vatna i fjella.

Men ikkje alle tykte dette gav nok attende for femkroningen det kosta å vere medlem. Lagsprotokollen tyder på at det gjekk opp og ned på medlemstalet, og mest ned. Det var ein del dugnadsarbeid med å bere ut fisk og betre tilhøva kring vatna, og det synest som om det var ei lita kjernegruppe som stod for det meste av arbeidet. Av årsmøteprotokollen frå 1957 kan det nemnast at det vart vedteke å ta kontakt med Leikanger Elekt. Styre for å forhandle om overtaking av hytta deira i Trastadalen. Dette mot å stå for vedlikehaldet. Kan hende var dette eit forsøk på å utvide aktiviteten då dei dette året også gjekk innfor å endre namnet på laget til Syrstrand jakt og fiskelag. Dei ville og at laget skulle meldast inn i Norsk jeger og fiskeforening. Om dette skjedde, seier dokumenta frå den tida ikkje noko om. Mest truleg var det ikkje noko organisert arbeid i og for eit slikt lag etter denne tida.

## Den nye tida

Det var denne arven 44 karar tok opp då dei i april 1978 endeleg samla seg på nytt og stifta Syrstrand jakt og fiskelag. Bakgrunnen for dette initiativet er nemnt som at det dei seinaste åra hadde vore fleire personar som hadde søkt seg til Sogndal jeger- og sportsfiskarlag og vorte medlemmar der. Kan hende var det no nok interesse til å drive eit eige lag i bygda?

Og så langt har det gått bra. Frå denne oppstarten i 1978 og fram til i dag, er det mogeleg å dele historia for Leikanger jakt og fiskelag (laget fekk noverande namn i 1979), i tre bolkar:

**Oldtida** (1978 – 1984) der etablering av laget og bygging av leirduebana var dei sentrale oppgåvene, **mellomalderen** (1985 – 2000) då etterverknadane etter den stor innsatsen på leirduebana fekk roe seg, og då fleire av lagsmedlemmene gjorde det særskilt bra i leirduekonkurransar, og **nytida** (2001 – 20XX) då draumane og planane om lagshytte og forbetra anlegg for leirdueskyting endeleg let seg realisere og laget vart stort.

Noko vidare fordjuping i kvifor laget har utvikla seg slik, er 30 år kan hende noko for kort tid til at vi klarar å sjå dette. I staden dreg vi heller fram nokre tema og arbeidsoppgåver og nokre av dei personane som har gjort ein innsats for laget.

## Lagsorganisasjonen

Det første styret vart samansett som følgjer:

Formann	Bjørn Monsen
Nestformann	Inge Yttri
Kasserar	Rolf Nestby
Sekretær	Nils O Røysum
Styremedlem	Audun Liljedal
Jaktutvalsleiar	Per Trygve Stadheim
Fiskeutvalsleiar	Svein Inge Moum

Nils O Røysum døydde i 1992. Dei andre frå styret den gongen er invitert som særskilde gjester på denne jubileumsfesten.

I 1979 var vedtektene klare og alle dei ulike verva identifisert. Laget sitt emblem var utarbeidd av Nils O. Røysum og Reidar Sælid. Talet på medlemmer var 75 og heile 20 av desse hadde eitt eller anna verv i laget! Det store talet på verv i laget har vorte ein tradisjon som er halde ved like.

I desse 30 åra har Ljf hatt til saman berre seks formenn. Bjørn Monsen, Rolf Nestby og Steinar Næss hadde alle vervet i to år kvar (oldtida). Desse vart følgt i mellomalderen av Sven Erik Vestby (seks år) og Kurt Langeteig (ti år). Noverande formann Svein Inge Lundheim som representerer nytida, tok over i 2001 og har så langt styrt laget i åtte år.

Av dei mest uthaldande i verva, kan vi trekke fram revisorane Sverre Fossen og Inge Yttri som sikkert har stadfesta rekneskapen vår frå 1986 og fram til i dag.

## Prosjekt

Det er særleg to prosjekt som kan trekkast fram og som har vore særst viktige for laget; bygginga av leirduebana ved oppstarten av laget og bygging av klubbhus. Begge prosjekta vart gjennomførte med stor dugnadsinnsats, og ville vel ikkje vorte fullførte med slik suksess som dei vart utan særskild innsats av nokre personar.

## Leirduebane

Leirduebane var noko av det første laget tok tak i. Økonomien var ikkje stor i byrjinga, og prosjektet vart stort, truleg større enn påtenkt. Det er ikkje mykje skriftleg materiale om dette arbeidet. I 1980 vert det oppsummert at bana er ferdig og at arbeidet hadde teke lenger tid enn venta. Frå dette arbeidet vil vi trekke fram ei eldsjel som gjorde særst mykje og godt arbeid: Per Trygve Stadheim. Standplassen fekk overbygg i 1991.

## Lagshytte

I 1988 vart ei gammal brakke kjøpt frå Røde Kors. Denne vart sett ut ved leirduebana og utvida med overbygd altan. Dette var eit stort framsteg. Men hytta var for lita til å nyttast som samlingslokale for medlemmene. Tidleg på 1990-talet kom så dei første innspela om å bygge ny lagshytte.

Det vart ein lang prosess og mykje fram og tilbake, eller kanskje meir ned og opp.

Ikkje alle meinte bana på Kleppa hadde beste plassering. Ei lagshytte nærare sentrum kunne vere eit godt alternativ med mindre behov for transport. Men ei fellesløyning med skyttarlaget i Moane, alternativt Kvålen, var heilt uinteressant for kommunen. Opprusting på Kleppa var neste alternativ, men avskrive i 1995 etter støymålingar. Eit tredje forsøk var framme på Kvålen, men støymålingar og motstridande interesser styrte det i næraste skuff. Neste forslag, i 1997, var Henjadalen framom gamledammen. Det var i samband med planlegginga av dette anlegget at ein ide om å sambygge lagshytte og standplass vart utvikla. Desse planane vart det arbeid med fram til år 2000. Då kom det fram opplysningar om at framføring av straum ville verte ein så stor kostnad for laget at prosjektet ikkje var gjennomførbart. Neste forslag var å prøve seg på Kvålen att. Det alternativet klarte ikkje støytesten. Då stilte kommunen seg positiv til å finne ei løysing slik at anlegget på Kleppa kunne rustast opp. Planane for eit slikt anlegg vart utarbeidd i 2002. Kommunen løyvde endeleg pengar til anlegget i 2004 og spelemidlar vart tildelt i 2005.

Etter mange alternativ, mykje planlegging, mykje arbeid utan særlege resultat, er grunnlaget for å realisere lagshytte ny skytebane endeleg i boks.

Bygginga av hytta er vår eigen, nære historie. Særs mykje vart gjort på dugnad, og særs mange var med. Det er vanskeleg å trekke fram namn – mange nytta mykje tid på Kleppa. Utan at ein einaste er gløymt, let vi byggenemnda for prosjektet representere alle:

Per Ove Fossheim (leiar)  
Svein Inge Lundheim  
Håkon Nesse  
Kurt Langeteig

Vi skryt ikkje mykje om vi dreg fram at Ljf har vore eit særst aktivt lag i fleire år. Den nye lagshytta har vist seg å verte eit aktivum som har støtta opp om dette. Det er lett for at aktiviteten i lag får ein knekk etter harde dugnader. Det har ikkje skjedd for oss, og det er all grunn til å tru at den fine hytta har vore medverkande til det.

### **Trastadalshytta**

Eit prosjekt som også må trekkast fram, er hytta i Trastadalen. Å kunne få nytte denne mot ansvar for vedlikehald, var ein ide som var oppe alt på 50-talet. Tanken om å ta opp att denne ideen i Ljf kom tidleg, men trengte tid for å verte formalisert. Kring 1980 var standarden på hytta rimeleg låg. Men med små og større skritt og økonomisk støtte frå kommunen (eigar), utbetra lagsmedlemmer hytta. I 1996 fekk laget ein ordna avtale med kommunen om hytta.

Utbeingsarbeid har vore gjennomført kvart år utan mykje oppstuss og standarden er i dag særst god. Nok ein gong er det mange som kan nemnast. Her vil vi trekke fram hytteansvarleg Svein Inge Lundheim som ein trottig bidragsytar og tilretteleggjar for arbeidet som er gjennomført.

### **Stadnamnsskilt**

Eit grunnlag for å kunne vise historia, er at det er sett spor. Eit arbeid som går føre i det stille, men som er med på å styrke bygda sin identitet for dei mange brukarane

av friluftsområda våre, er framstilling av og utsetjing av stadnamnsskilt. Bak dei til no 106 skilta som er sett opp, står det to medlemmer med tradisjon og som har delt oppgåva seg i mellom: Svein Inge Lundheim og Ivar Fagerheim.

### **Konkurransar**

Straks leirduebana var klar i 1979, ser vi av årsmeldinga at det vert meldt om aukande interesse for leirdueskyting. Målet vart fort ambisiøst: det måtte vere mogeleg å bryte dei dominerande plassane Sogndal og Førde hadde på fylkesnivå. I årsmeldinga for 1988 er det rapportert om stemnevinnarar og om fleire som vandrar oppover i klassane. I 1989 byrjar resultatane så verkeleg å vise seg. I årsmeldinga vert Kurt Langeteig utropt som den beste trap-skyttaren i fylket. Dei følgjande åra rann førsteplassane inn både i fylket og på større plan. I 1990 vann Kurt Langeteig mellom anna Skagerak Cup medan han i 1991 var Norgesmeister i presskyting. Medlemmar i laget har også teke med heim titlar som fylkesmeister og landsdelsmeister.

Også som lag har det vore gjort gode prestasjonar. På landsplan vann til dømes eit lag frå Ljf Stålcupen i 1996.

Utanom har det vore fine resultat på mange stemner, både individuelt og som lag, men ikkje som kring 1990. I dei seinare åra har vi sett eit døme på attervekst gjennom junioren Emil Røysum som mellom anna vart beste junior i Noregsmeisterskapen 2007.

### **Aktivitetar**

Det er lett å verte blenda av all aktiviteten som har vore konsentrert kring Kleppa gjennom desse 30 åra. Men idealistane sine mål for oppstarten av lag i 1942, innlandsfisket, har også vore eit satsingsområde.

Alt i 1979 deltok medlemmer i laget i arbeidet med å sette ut fisk i vatna. Dette året vart det sett ut 4000 yngel frå Årøy klekkeri, 2700 stk av desse i Fremste og Midtre Myrdalsvatn. Å bere ut fisk vart ei fast oppgåve i fleire år, men ikkje utan nedturar. I 1982 vart det oppdaga at det ikkje var kvalitetsaureyngel av Tunhovdstamma som var sett ut, men lakseyngel av Årøystamma. Som vi kjenner til, får slike etter nokre år sterk trong til å søke seg til fjorden..

Ein annan aktivitet som straks vart tradisjon, er fiskekonkurransen på Fjærlandssetevatn. Den vart første gong gjennomført i 1980. Største fisken som vart teken det året, var på 4 hg.

Sjøfiskekonkurransen Vårspretten, som straks skifte namn til Vårsprellen, vart arrangert først gong i 1991 med 50 deltakarar. Sjølv om oppmøtet har gått noko opp og ned, og det same med fangsten, var det naturleg å kople arrangementet saman med initiativet Fiskeklubben til NJFF. Saman med Skulestongprosjektet som har vore gjennomført saman med Leikanger barneskule i fleire år no, har fiskearrangementa i laget vore sterkt medverkande til at talet på juniormedlemmar i laget har auka mykje dei siste fem – seks åra.

### **Kurs/opplæring**

Kurs er eit viktig bidrag for å auke interessa for og dugleiken til aktørar innan jakt og fiske. Nestoren mellom kurshaldarane er Gunnar Olsmo. Alt i 1978 heldt han sitt første

6

kurs i flugekasting, eit initiativ han framleis følgjer opp. På leirduebana har det i alle år vore gjeve opplæring/rettleiing av medlemmer som har papir på at dei kan instruere.

Elles kan vi som døme trekke fram at kurs i partering av storvilt vore gjennomført i mange år, likeins flugebitting, flugestangbygging og bruk av GPS.

Eit særleg og kan hende det viktigaste kurstilbodet laget har stått for, er det obligatoriske Jegeropplæringskurset. Dette har sidan 1986 fungert som inngangsport for alle som vil starte med jakt, og vert slik ein møtestad mellom nye og erfarne jegerar. Kursinstruktørane våre står fram både som rollemodellar og ambassadørar for laget. I sesongen 2007/2008 var det 14 stk som tok dette kurset.

## **Heider og ære**

Heider og ære kan nyttast som måleindikatorar og inspirasjon for arbeidet i laget. Dei siste åra har vi vore heldige og motteke nokre slike.

Det starta i 2005 då laget fekk NJFF sin mediapris for medlemslag. Laget var såleis eitt av dei laga som klarte å synleggjere seg best i lokale media.

Ved opninga av lagshytta i juni 2006, vart laget utnemnd som Sparebanken Sogn og Fjordane sitt fyrårnprosjekt i Leikanger kommune for dette året.

Leikangerprisen frå kommunen vart for 2007 tildelt laget. I grunngevinga vart det vist til at laget syner ein stor og prisverdig innsats i arbeidet sitt. Laget si utbygging på Kleppa er eitt døme på dette.

I 2008 vart heidersprisen til NJFF Sogn og Fjordane tildelt leiar i laget, Svein Inge Lundheim.

## **Framtida**

Vi starta denne oppsummeringa med noko av det som har skjedd innanfor organisert arbeid for jakt og fiske i kommunen. Det er ingen tvil om at aktiviteten har vore skiftande. Skal vi trekke ut noko særskild lærdom ut frå historia, er det at heller ikkje Ljf klarar å halde på medlemmene dersom laget ikkje har noko å tilby.

Lagsarbeidet er no inne i ein sær god periode. Medlemstalet er ein god indikator for det. Ser vi på medlemstalet frå oppstarten og fram til 2001, låg det på i underkant av 100. Frå 2002 av har auken vore jamn og stor fram til 2007 med meir enn 210 medlemmer. Denne auken skuldast ikkje minst at barne- og ungdomssatsinga fekk auka fokus. For desse er det fiske som er den mest attraktive aktiviteten.

Med mange interesserte medlemmer, god lagmoral, den fine lagshytta og god økonomi, bør det vere fullt mogeleg å seie at vi har det beste utgangspunktet for å vere eit tilsvarande attraktivt tilbod dei komande 30 åra.

Sven Erik Vestby